

MOTTATT
28 AUG 2014

Samlaget

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Oslo, 27. august 2014

Ref.: 14 A.5 EA

HØYRINGSSVAR: RAPPORT OM KULTURRÅDET

I rapporten blir det gjort framlegg om å effektivisere eller redusere rådet. Vidare at medlemmene ikkje lenger treng ha kunstfagleg kompetanse. Dette vil medføre ei svekking av den kunstfaglege kompetansen, og ei tilsvarande styrking av den politiske styringa.

Kulturrådet er ein organisasjon med svært høg kompetanse på kunst- og kulturfeltet. Det er likevel krevjande å ha nok kompetanse på alle felt til å kunne velje fagpersonar innanfor dei spesifikke kunstområda. Vi meiner derfor at den ordninga vi har i dag, der kunstnarorganisasjonane sjølv, gjennom eigne valnemnder peikar ut representantar til stipendkomiteane, er ei løysing som betre sikrar rett fagleg samansetting av komiteane.

Totalt sett meiner Litteraturselskapet Det Norske Samlaget at framlegget vil auke maktkonsentrasjonen i Norsk kulturråd. Kombinert med redusert kunstfagleg kompetanse, er det derfor ein reell fare for at ei gjennomføring av framlegget vil svekke mangfaldet i kunsten.

Med vennleg helsing
Litteraturselskapet Det Norske Samlaget

Edmund Austigard
Skrivar



Kopi: Styret i Litteraturselskapet